

Saksutskrift

Arkivsak-dok. 12/01755-13
Arkivkode. ---
Saksbehandler Jørn Magne Forland

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet	28.05.2013	38/13
2 Kommunestyret	06.06.2013	34/13

Revisjon av konsesjonsvilkår for Hemsilvassdraget - Høyring

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Alle dokumenta i saka

Dokument i saka:

1. Hemsil 3 – konsesjonskraftpris, notat frå E-CO energi AS av 16.05.13
2. Høyring av revisjonsdokument for Hemsilreguleringa i Hemsedal, Gol og Ål kommunar av 07.02.13
3. Revisjonsdokument til Hemsilreguleringen, utarbeida av E-CO energi AS, av 07.02.13
4. Avgjersle om å opne sak om revisjon av konsesjonsvilkår for reguleringar i Hemsilvassdraget i Hemsedal, Ål og Gol kommunar i Buskerud av 18.10.11
5. Reguleringen av Hemsilvassdraget, krav om revisjon av konsesjonsvilkår av 21.03.07

Saksopplysningar:

Proessen til no:

Formannskapet i Hemsedal vedtok å utsetje handsaming av saka i førre møte 23.04.13.

Bakrunnen for dette er at kommunen ynskjer ein meir parallell handsaming av denne saka og høyringssaka til konsesjonssøknaden for Hemsil 3. Ein ynskte å vite meir om konsekvensane med Hemsil 3 utbygginga før endeleg høyringssvar vart gjeve i revisjonssaka.

NVE har gjeve kommunen utsatt høyringsfrist til 10. juni 2013, men har også gjeve beskjed om at kommunens spørsmål og standpunkt når det kjem til konsesjonskraftpris ikkje har noko med sjølve konsesjonen for Hemsil 3 å gjere, og at NVE difor ikkje stoppar opp prosessen som følgje av dette.

Konsesjonæren (E-CO) har i et notat av 16.05.2013 kortfatta presentert kva økonomiske konsekvensar Hemsil-3 utbygginga vil få for kommunane Ål, Hemsedal og Gol, då med fokus på konsesjonskraftpris, ettersom det ikkje er kommentert i konsesjonssøknaden. Det er estimert at prisen kommunen betaler for konsesjonskraft vil stige frå 13,11 øre per kWh (2013 pris) til 21,2 øre per kWh. Hemsedal har 18 574 MWh konsesjonskraft. Prisauka betyr at kommunen må betale 1 400 000 kr meir for konsesjonskrafta enn i dag. E-CO presierer at dei har oppfylt

utredningsplikten iht NVEs utredningsprogram, og at notatet soleis ikkje er ein del av konsekvensutredningene for prosjektet.

Hemsedal kommune har ynskje om å komme til løysing med E-CO, men det er per dags dato ikkje avklart noko. Dersom det ikkje kjem til semje vil Hemsil 3 utbygginga påverke Hemsedal sin økonomi på ein svært negativ måte i tillegg til dei negative miljømessige verknadane, og administrasjonen vil då innstille på eit negativt høyringssvar i Hemsil 3 saka.

I samband med førebuing og sakshandsaming av høyringssaka har kommunen fått juridisk bistand frå advokatfirmaet Lundogco, som er sekretariat for LVK (Landssammanslutninga for vasskraftkommunar). Saksframlegget er også skriva i samarbeid med Ål og Gol kommunar.

Vidare om revisjonssaka:

Hemsedal, Gol og Ål kommunar gjekk saman om å krevje revisjon av konsesjonsvilkåra for Hemsilvassdraget då tida var inne for dette i 2007, og kommunestyra i dei tre kommunane vedtok å sende inn felles krav om revisjon av konsesjonsvilkåra.

Norges vassdrags og energidirektorat (NVE) har i brev av 18.10.11 vedteke at vilkåra for følgjande konsesjonar kan reviderast etter nærmare reglar:

- Kronprinsregentens res. 25.01.1957: Tillatelse for Oslo lysverker til å foreta en regulering av Hemsilvassdraget m.v. i Buskerud fylke

NVE har bede E-CO energi AS om å utarbeide eit revisjonsdokument i tråd med reglane for dette og har no motteke revisjonsdokumentet for Hemsilreguleringa. Revisjonsdokumentet er ute på høyring til 15. mai 2013.

Hovudføremålet med ein revisjon er å betre miljø – og naturforholda ved å avbøte ulemper og negative verknader ved utbygginga. Avgjerder i konsesjonen om høgaste og lågaste regulerte vasstand (HRV og LRV) samt overføringar kjem ikkje inn under kva som kan reviderast. Men, revisjonen opnar for å vurdere endring i manøvreringspraksis, slipp av minstevannsføring, biotopforbetrande tiltak og utsetjing av fisk. Krav knytt til økonomiske vilkår (konsesjonsavgifter, konsesjonskraft og næringsfond) har til no ikkje vorte teke opp i vilkårsrevisjon, men av forarbeida – Ot.prp. nr. 50 (1991-1992) s. 47 – går det klart fram at «samtlige vilkår» kan takast opp til revisjon. Kommunane har kravd økonomisk kompensasjon for ulemper som ikkje let seg bøte på i revisjonen. (Særleg skadene for rein.)

I brevet av 18.10.2011 der NVE opnar for revisjon av konsesjonsvilkåra for Hemsil vert det kortfatta vist til kommunane sine krav, vidare til regulanten sine førebelse kommentarar til desse, før NVE gjer sine vurderingar og konklusjonar til kva som skal vere med i revisjonssaken og ikkje.

Krav som NVE meiner skal vurderast i revisjonssaka:

- Krav om slepp av minstevannsføring i Dyrsgja, og frå Gyrinos- Flævatn til Lauvdøla. Utsetting av fisk for å avbøte reduksjon av fiskebestanden ved sprenging av is.
- Krav om tiltak knytt til villrein ved Gyrinos- Flævatn
- Krav knytt til fiskebiologiske undersøkingar, utvandrigsstengsel og utsetting av fisk og rydding av reguleringssona i Gyrinos – Flævatn.
- Krav knytt til flaum og erosjonsproblem ved Skarvanstølen

- Krav om kulturminneundersøkingar

Krav som NVE meiner ikkje skal vurderast i revisjonssaka:

- Krav om slipp av minstevassføring frå Brekkedammen i Grøndøla (ikkje omfatta av reguleringskonsesjonen)
- Krav knytt til Eikredammen og Hemsilvassdraget nedstrøms dammen. Det gjeld krav om manøvreringsreglement, slepp av minstevannsføring, tiltak for å sikre fiskevandring forbi dammen, tersklar og sikringstiltak mot farlege situasjonar for badande, fiskararar osb. nedstrøms dammen (ikkje omfatta av reguleringskonsesjonen). Tiltaka vil derimot verte vurdert i samband med omsøkte Hemsil 3 kraftverk, som skal ha inntak i Eikredammen.

Krav som NVE ikkje har omtala i høve til vurdering i revisjonssaka, men som kommunen ynskjer skal vere med.

- Krav om endring i manøvreringsreglement for Gyrinos/Flævatn.
- Krav om at standardkrav for naturforvaltning utarbeidet av DN tas inn i konsesjonen

På bakgrunn av dette har E-CO energi AS utarbeida sitt revisjonsdokument som no er på høyring.

Hemsedal, Ål og Gol kommunar har hatt ein møte der kommunane vart samde om å saman sende inn høyringssvara etter at kommunestyra har gjort vedtak i mai. På grunn av litt ulike møtedatoar har NVE gjeve kommunane utsatt frist til 1. juni (Hemsedal har fått utsatt frist til 10.juni)

For å kunne gje betre og meir fagbaserte innspel når det gjeld fisk og fiskeinteresser har kommunane hatt eit kveldsmøte med Hemsedal fiskeforening og grunneigarrepresentantar i Gyrinos/Flævatn, då krava som skal handsamast av NVE gjeld område der desse har særskildt kunnskap. Nedre Hemsil fiskeforening er ikkje tatt med, då revisjonen ikkje opnar opp for krava som gjeld Eikredammen og Hemsilvassdraget nedstrøms dammen. I samband med handsaming av konsesjonssøknad for Hemsil 3 kraftverk vil desse krava verte handsama av NVE.

Forhold til overordna plan:

Ingen merknad

Miljøkonsekvenser:

Dette punktet vert teke med under vurdering

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Ikkje relevant

Økonomiske konsekvensar:

Dette punktet vert teke med under vurdering

Vurdering:

E-CO Energi AS sitt revisjonsdokument er delt inn i 6 kapittel. Innleiingsvis vert det vist til opning av revisjonssaka for Hemsilreguleringa og kva forhold som NVE har pålagt konsesjonsnæren å vurdere.

Kapittel 2 omhandler regulanten sitt syn på rammene for revisjonen. Det vert vist til Ot. Prp nr 50 (1991-1992). Regulanten trekk fram kva som er omfatta av ein revisjon og ikkje. Behov for endringar og miljømessige fordeler ved eit tiltak som vert foreslått gjennomført ved revisjon må verte vurdert opp mot ulemper for miljøet, konsesjonæren og kraftproduksjonen.

Kapittel 3 omhandler gjennomgangen av krava i vilkårsrevisjonen og regulanten sine vurderingar av desse.

Generell juridisk forståing

Fyrst vil me seie at revisjonen må vurderast saman med konsesjonen for Hemsil 3. Hemsil 3 er ei effektutviding av Hemsil 2 og nyttar Hemsilreguleringane. Hemsil 3 vil føre til endra bruk av reguleringsmagasina, større variasjonar i vassføring og påverke bruken av reguleringa på mange vis.

Revisjon som sikkerheitsventil

E-CO skriv på side 7 revisjonsdokumentet at « det framgår av forarbeidene til revisjonsinstituttet at revisjon er en sikkerhetsventil for uforutsette miljøskader og – ulemper» Dette er etter vår meining ein urett måte å framstille forarbeida sine syn på revisjonsinstituttet. Ordet «sikkerheitsventil» gjer inntrykk av at revisjonsinstituttet er snevert og må nyttast med varsemd. Omgrepet er ikkje nytta i forarbeida til revisjonsbestemmelsane, verken i Ot.Prp. nr 50 (1991 -1992) eller i innstilling O.nr 66 (1991-1992). Når E-CO skriv at revisjonsinstituttet er ein sikkerheitsventil bidreg det til å snevre inn dei generelle rammene for revisjonssaka utan at det er dekning for det i forarbeida.

Vidare skriv E-CO på side 8 i revisjonsdokumentet at dersom E-CO i det heile skal vurdere revisjonskrav så må fylgjande vilkår være oppfylt:

- «1. Det må være påpekt konkrete uforutsette miljømessige skader/ulemper som reguleringen har medført og som berører allmenne interesser.*
- 2. Tiltakene som kreves, må være egnet til å avbøte på disse uforutsatte miljømessige skadene/ulempene.»*

E-CO viser til at Ot. Prp. nr 50(1991-1992) s. 47 og retningslinjer for revisjon punkt 5.2 siste avsnitt oppstiller desse kriteria. På side 47 i Ot. Prp. Nr. 50 (1991-1992) står dette:

« som det allerede er redegjort for innebærer den alminnelige revisjon en modernisering eller ajourføring av konsesjonens vilkårsside. I prinsippet betyr dette at samtlige vilkår som er oppstilt, kan undergis en ny vurdering på bakgrunn av de erfaringer man har gjort seg i løpet av perioden. Vurderingen kan føre til at vilkår sløyfes eller gis et annet innhold. Det kan også fastsettes helt nye vilkår, noe som er særlig aktuelt ved skader og ulemper som ikke var forutsatt på konsesjonstidspunktet» (vår understreking).

Som det framgår av forarbeida er den alminnelege revisjonen ei modernisering eller ajourføring av konsesjonens vilkår. Dette understrekar at revisjonar ikkje er nokon unntaksmessig

«sikkerheitsventil», og at det slett ikkje er noko krav om at den som set fram kravet om endra vilkår må påpeike «konkrete uforutsette miljømessige skader/ulemper», slik E-CO har framlagt forarbeida. Derimot er det etter forarbeida «særlig aktuelt» å lage heilt nye vilkår der det er oppstått skader og ulempe som ein ikkje såg på konsesjonstidspunktet. I retningslinjene for revisjon punkt 5.2 som E-Co viser til står det:

« Et krav om revisjon vil være tilstrekkelig begrunnet med en beskrivelse av hvilke skader og ulemper som må avbøtes, kva som er utilfredsstillende eller ikke fungerer og hvorfor, og eventuelt forslag over hvilke tiltak og endringer det eventuelt kan være behov for.»

Det er difor ikkje dekning for å stille opp eit generelt kriterium om at det må være «konkrete uforutsette miljømessige skader/ulemper», slik som E-CO skriv i sitt revisjonsdokument.

Særleg syns me at dette er aktuelt for Heimsil der ein aukar effekten i reguleringa (Hemsil 3). Historia for bruken av reguleringsmagasin og vassføring i elvar er ikkje representativ for framtida når ein endrar slukeevna/effektkapasiteten i utbygginga. Også marknaden kraftverka produserar mot har endra seg mykje i løpet av dei siste 50 åra og ser ut til å endre seg endå meir i tida frametter. I eksisterande vilkår står innleiingsvis at utbygginga sitt formål er å produsere vinterkraft for Oslo si befolkning. Bruken av kraftverket frametter kan være vel så mykje å være effektstønad for uregulert produksjon frå vind og solkraft på kontinentet. Me må ha vilkår som er tilpassa situasjonen for dei 30 neste åra, fram til neste revisjon. Då er ikkje berre historikken viktig, men også at vilkåra blir sett etter eit føre var prinsipp som vernar naturen mot framtidige skader på grunn av endra utnytting av reguleringa. Sett i eit slikt perspektiv blir kravet om å påvise konkrete skader/ulemper som ikkje var forutsett på konsesjonstidspunktet, urimeleg.

Restriktiv praksis for vilkår som reduserar produksjonen

I punkt 2.4 i revisjonsdokumentet, side 9, omtalar E-CO ein restriktiv praksis for vilkår som endrar produksjonsvolumet. E-Co viser til forarbeida til revisjonsreglane, retningslinjene for revisjon, forvaltningspraksis (Vinstra vedtaket), olje og energiminister Ola Borten Moe si tale til LVK sitt landsmøte 18.august 2011 og St. melding nr. 37 (2000-2001) om vasskrafta og kraftbalansen. Av desse kjeldene er det forarbeida til revisjonsreglane som har størst vekt for kor stor minstevassføring som skal setast. Me vil påpeike at ei tale av energiministeren (utøvande makt) ikkje er ei relevant rettskilde og ikkje kan være styrande i høve kva Stortinget har sagt om saka (lovgivande makt).

Vidare viser E-CO til uttale i Stortingsmelding nr. 37 (2000-2001) om vasskrafta og kraftbalansa. Denne meldinga er ikkje i tråd med Stortinget sitt noværande syn som har kome til syne gjennom at vanndirektivet vart ein del av norsk lovgiving gjennom Innst. S. nr 131 (2008-2009) side 4.:

«Komiteen mener tiltaksplanene som skal utarbeides med utgangspunkt i direktivet må innlemme revisjoner av vannkraftkonsesjoner. I særdeleshet er det viktig å få til ordentlige miljøforbedringer der det ikkje er krav om minstevannføring i dag. (...) Komiteen vil påpeike at det generelt er stort forbedringspotensial på mange plan i gamle vannkraftverk, der potensialet for miljøforbedringer kan være stort med bare litt vannslipp.»

Her seier komiteen at det er viktig å få til godt miljø også i gamle reguleringar, om nødvendig med vannslipp. Stortinget sitt syn kom til uttrykk etter Vinstra vedtaket, og kan ikkje tolkast på anna måte enn at Stortinget ynskjer at miljømål skal setast høgare enn det som hadde vore praksis fram til då. E-Co si framlegging av kva som er Stortinget sitt syn er derfor feilaktig på dette punkt etter vår meinig, tvert om meiner Stortinget at det er «viktig å få til miljøforbedringar der det ikke er krav om minstevannføring i dag.»

Krava som gjeld for Hemsedal

Kulturminneundersøkingar:

Kommunenes krav i 2007:

Arkeologiske undersøkingar i Gyrinos-Flævatn, Vavatn, Gjuva, Grøndøla og vidare nedover langs Hemsil.

E-COs kommentar:

Det vart gjennomført undersøkingar for Gyrinosvatn i 1959, før oppfylling av magasina vart gjort. Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) har på oppdrag frå E-CO utført ei vurdering av datagrunnlaget frå undersøkingane ved Gyrinosvatn og potensialet for funn ved Flævatn. Konklusjonen for Flævatn er at det i utgangspunktet kan verte forventa funn frå steinalder og andre automatisk freda kulturminne, og at registrerings – og utgravingsinnsatsen knytta til undersøkingar vil vere formidabel. E-CO meiner at gjennomførte undersøkingar av utbygginga av Gyrinos-Flævatn er i «tråd med dei krav som då gjaldt» (det vil seie på konsesjons – og utbyggingstidspunktet). Det vil då ikkje vere grunnlag for å krevje at konsesjonæren gjer ytterlegare undersøkingar.

Kommunens kommentar/ krav 2013:

Hemsedal kommune meiner at bør være mogleg å utføre kulturminneundersøkingar i Flævatn når det likevel eingong skal gjerast vedlikehald på damkonstruksjonen. Det vil være uansvarleg å utsette kulturminna for meir slitasje gjennom utvasking i 30 år til, fram til neste revisjon.

Rydding av kvist og kratt i reguleringssona på Gyrinos-Flævatn

Kommunane sine krav i 2007:

Krav om rydding av kvist og kratt i reguleringssona på Gyrinos-Flævatn på grunn av vanskar for fiske og skade på garn, og det visuelle inntrykket. Kommunane peiker på at 522 daa i reguleringssonen vart rydda (dvs før oppfyllinga i 1959).

E-COs kommentar:

Kravet må avvise då dette er eit privatrettslig forhold som faller utenfor revisjonen. Subsidiært meiner konsesjonæren at kravet ikkje kan takast til følge då miljømessige fordelar ikkje står i forhold til dei ulemper dette utløyser (utsetting av oppfylling av magasinet som normalt for å effektivt rydde reguleringssona). Grunneigarar får utbetalt erstatningar for skade på fisket og framtidige ulemper ved fiske.

Kommunens kommentar:

Hemsedal kommune ynskjer ikkje å følgje opp kravet.

Krav knyttet til dagens vilkår

Kommunenes krav i 2007

- Tiltak for å hindre utvandring av fisk ved nedtapping av Flævatn

E-COs kommentar:

Kommunane hevdar det ikkje er montert sperregitter eller liknande i tråd med konsesjonskrava i kap. 15. I 1989 vart det montert ei varegrind 200 meter innanfor inntaksluka i tunnelen. Slukeevna i Hemsil 1 er $16\text{m}^3/\text{s}$. E-CO meiner at vannhastigheita ved maksimal slukeevne i tunnelen (ca. 0,6 m/s) og gjennom grinda er såpass liten (ca. 0,8 m/s) at risikoen for innsug av fisk er svært avgrensa. Fisk kan vandre fritt inn i og ut av tunnelen. Etablering av varegrind med mindre lysopning vil gje auka falltap, innebere hyppigare driftsstans og påføre investeringskostnader. E-CO meiner at det lite truleg har vore ein vandrande fiskebestand i Flævatn-Gyrinos, og at dei vandringane som har skjedd har vore i samband med gytevandring opp i innløpselver. Vandring nedstrøms har vore avgrensa til eit kort område ved utløpet av Flævatn. E-CO hevdar difor at det fins ingen «vandringmotivasjon» for fisk i magasinet og at risikoen for at fisk går tapt i tunnelane dermed er liten. E-CO meiner at det beste tiltaket framleis vil vere utsetting av fisk og vurdere tiltak i sidevassdrag, og avvis kravet om oppfølging av nye tiltak då kostnader i forhold til nytta er uforholdsmessig høg.

Kommunens kommentar/krav i 2013:

Det må gjerast ei meir konkret kostnadsberekning av tiltak som kan hindre utvandring av fisk. Elles meiner kommunen at det er bra at E-CO har etablert eit sperregitter

Krav knytta til flom og erosjonsproblemer med Skarvanstølen

E-COs kommentar:

I samarbeid med grunneigarar vart dette kravet løyst ved iverksetjing av tiltak i 2011.

Kommunens kommentar:

Hemsedal kommune har ingen merknad.

Krav knytta til villrein

Kommunane sine krav:

Tiltak for å avbøte påverknadene reguleringa har hatt på villreinen i Nordfjella

Krav om at gjerde i elvefaret nedstrøms Flævatndammen vert fjerna utanom beitesesongen for sau og storfe, og vert satt opp att når beitesesongen starter.

E-COs kommentar:

Regulanten syner til at det ikkje vart reist noko tiltakskrav om rein, verken for villrein eller tamrein på det tidspunktet vannkraftutbygginga skjedde (1957 – 1960) og at informasjon frå skjøn (Vassdragsoverskjøn 1963) tyder på at forholdet til rein derfor ikkje vart sett på som verdifullt på utbyggingstidspunktet. Omfanget av og verdien av ein berekraftig stamme av villrein, med tilhørande reinsjakt, har vokse frå 1960 talet og fram til i dag. E-CO meiner difor at ei ferdigstilt vassdragsutbygging med opp- og neddemming i Gyrinos og Flævatn, etablering av gjerder og bygging av anleggsveg med stor sannsynlegheit ikkje har vore til hinder for framveksten av ein berekraftig villreinstamme får 1960-talet og fram til i dag.

E-CO har fått firmaet Naturrestaurering AS til å ei gjere ei konsekvensutredning av tiltaka som er foreslege av kommunane. I rapporten frå Naturrestaurering AS vert det også gjeve ei gjennomgang av status for villrein i Nordfjellaområdet frå den tid konsesjonen vart gjeve og fram til i dag. Kort oppsummert konkluderer rapporten med at etablering av fylling over det smalaste sundet Gyrynosvatnet og Flævatnet lite truleg vil fungere etter hensikta. Det er høgst usikkert om reinen vil reetablere eit trekk over fyllinga. Sidan tiltaket innebærer massetak, nye anleggsvegar og anleggsarbeid, vil tiltaket for reinen vere stort negativt for nærområda til magasinet og lite positivt for beita mot sør og aust på lang sikt. Nedlegging av sauegjerdet nedstrøms Flævatn utanom beitesesongen vert skildra som eit tiltak med lite/middels positivt konsekvens for villreinen, sjølv om rapporten peikar på at det er usannsynleg med store trekk av dyr forbi demningen sjølv om sauegjerdet vert lagt ned. Minstevassføring i Lauvdøla er også vurdert som eit avbøtande tiltak då auka vassføring i elva skal erstatte sauegjerdet. Dette er eit urealistisk tiltak, sett frå både utreder og regulant, då vassføringa må vere i storleiksorden 2-3 m³/s. Forøvrig syner rapporten til at området søraust for Flævatndammen har fleire inngrep (hytter, vinteropen veg, skiløyper) som reduserer området kvaliteten for villreinen

E-CO meiner avslutningsvis at da villreinbestanden i Nordfjella har auka betydeleg i tida etter etableringa av Gyrynos-Flævatn – magasinet, kan dei vanskeleg sjå at tiltaket har medført negative konsekvensar for villreinen, som det kan vere aktuelt å avbøte i samband med ein revisjon. E-CO meiner at krava frå kommunane må avvisast.

Kommunens kommentar/ krav 2013

Krava om oppfylling av det smalaste sundet mellom Gyrynosvatn og Flævatn, samt ei vassføring i Lauvdøla som skal vere ei barriere for sau er no belyst av ein uavhengig instans, og gjennomføring av tiltaka kan vanskeleg forsvarast, både med omsyn til konsekvensar for villrein og tap av kraftproduksjon. Derimot meiner kommuna at tiltaket med nedlegging av sauegjerdet utanom beitesesongen kan vise seg å vere verdt å gjennomføre, då det har liten kostnad og vil ha ein positiv effekt for villreinen.

Forøvrig meiner kommunen at E-CO sitt syn på villreinstammens storleik utifrå eit 50-års perspektiv er underleg, då villreinstamma har vore i området i over 1000 år. At stamma har auka frå reguleringstidspunktet og fram til i dag, er truleg resultat av mange faktorar. Det som er kjent, er at villreinen er svært sårbar for fysiske stengsel og barriere som kan hindre vandringsmønsteret. Det vil på noverande tidspunkt ikkje vere mogeleg å spå kva for langtidsvirkningar oppdemminga av Gyrynos/Flævatn vil ha å seie for villreinbestanden i Nordfjella. Det er også slik, som rapporten til Naturrestaurering peiker på, at andre faktorar i området er med på å redusere området sin kvalitet for villreinen.

Krav knyttet til dagens vilkår

Kommunenes krav i 2007

- Utsetting av fisk i Grøndøla, med bakgrunn i kompensasjon for mulig fiskedød ved sprengning av is nedstrøms Brekkefoss

E-COs kommentar:

E-CO har fått Multiconsult til å utreie behovet for utsetting av fisk i Grøndøla. Det vert konkludert med at issprenging vanskeleg kan visast å vere årsaka til den låge tettleiken av ørret nedstrøms Brekkefoss. Rapporten syner også til at Grøndøla er påverka av avrenning frå landbruket og at elvestrekninga frå Brekkefoss til Tuv er prega av fysiske påverknader som kan

vere årsaka til mangel på gode gyte – og oppvekstområder. E-CO avvis kravet om utsetting av fisk då dei meiner issprengning ikkje er årsaka til den låge fisketettleiken. Derimot ynskjer E-CO å fylgje opp biotopforbetrande tiltak i elva i samband med utvidinga av Brekkefoss kraftstasjon jf. Konesjon frå NVE av 14.06.12.

Kommunens kommentar/krav i 2013:

I vassdragskonesjonen til Brekkefoss kraftstasjon av 14.06.12 står det følgjande:

Konesjonæren plikter etter nærmare bestemmelse frå Fylkesmannen

- å sørge for at forholdene i Grøndøla er slik at de stedegne fiskestammene i størst mulig grad opprettholder naturlig reproduksjon og produksjon og at de naturlige livsbetingelsene for fisk og øvrige naturlig forekommende plante- og dyrepopulasjoner forringes minst mulig.
- å kompensere for skader på den naturlige rekruttering av fiskestammene ved tiltak.
- å sørge for at fiskens vandringsmuligheter i vassdraget opprettholdes og at overføringer utformes slik at tap av fisk reduseres.
- å sørge for at fiskemulighetene i størst mulig grad opprettholdes.

Hemsedal kommune forventer at E-CO følgjer opp dei avgjerdene Fylkesmannen gjev.

Kommunen meiner forøvrig av bruk av gravemaskin for å fjerne is nedstrøms Brekkefoss kan vere eit alternativ til sprengning, og ber NVE sjå nærare på dette.

- Fiskebiologiske undersøkingar i Hemsilvassdraget

E-COs kommentar:

Krav om fiskebiologiske undersøkingar i Hemsilvassdraget er allereie omfatta av gjeldande konsesjonsvilkår. Regulanten må til ein kvar tid rette seg etter dei krav som departementet fastsett. Det vert gjennomført undersøkingar kvart 10. år etter pålegg frå Fylkesmannen i Buskerud. Desse undersøkingane gjev grunnlag for å krevje utsetjing av fisk i Gyrynos-Flævatn. Siste undersøking er frå 2007 og synte at over 60 % av fisken frå villvisk naturleg vert rekruttert frå innløpsbekkar til magasinet, noko som indikerar god tilgang til gyteareal i bekkane og at reguleringa ikkje er til hinder for fiskens oppgang til gytebekkane. E-CO har i tillegg gjennomført fiskeundersøkingar i Hemsil i 2001, og supplert med undersøkingar i 2012 for Hemsil/Eikredammen. I 2012 vart det også gjort supplerande undersøkingar i Grøndøla, Lauvdøla og Dyrinja innanfor vilkårsrevisjon. På bakgrunn av alt dette meiner E-CO at krav om ytterlegare undersøkingar i Hemsilvassdraget må avvisast.

Kommunens kommentar/krav i 2013:

Sidan kommunen kom med kravet i 2007 har det vort gjort ei rekke undersøkingar i vassdraget, og kommunen vil ikkje krevje ytterlegare undersøkingar. Fylkesmannen vil kvart 10. år gje pålegg om undersøkingar, og det vil truleg vere nok.

Krav knytta til minstevannføring i Dyrinja frå inntak Dyrinja og i Lauvdøla frå Flævatn:

E-COs kommentar:

Her trekkjer regulanten fram ei rekkje med forhold som dei vurderer. Nyttevurderingar for fisk, friluftsliv, naturens mangfold, landskap, reiseliv, investeringar i minstevannføringsanlegg, økonomiske konsekvensar av minstevannføring, økonomiske konsekvensar for Hemsedal

kommune, ny alternativ kraftproduksjon til tapt kraftproduksjon og energieffektivitet – eksisterande vannkraft vs. Ny fornybar kraft.

E-CO meiner nytta av minstevassføring er svært avgrensa for fisk og fiske, og særleg er nytta avgrensa for allmennheten. Dei støttar seg til fagrapporten frå Multiconsult. Den miljømessige gevinsten er svært beskjeden og står ikkje i forhold til produksjonstap og andre kostnader/ulempar i samband med dette. Dei meiner difor at krav om minstevannføring må avvisast. E-CO er likevel innstilt på å arbeide vidare med biotopjusterande tiltak for Dyrsgja i samarbeid med kommune, grunneigarar og fiskelag.

Kommunens kommentar/krav 2013

Kommunen meiner det er noko underleg at E-CO i sine utrekningar ift minstevannføring og tap av produksjon i elva Dyrsgja og Lauvdøla nyttar 1000 l/s som eksempel. Det vil truleg vere tilstrekkeleg med ei minstvannføring på 100 - 200 l/s i elva Lauvdøla, med det formål å få fisk inn på dei øvre strekningane. Det er nok vatn til fisken for gyting i dei nedre delane av elva i dag (kjelde: Hemsedal fiskeforening). Landskapsmessig er det også positivt med minstevassføring i Lauvdøla. I Dyrsgja er dagens tilstand (gjennomsnittleg vassføring omlag 300 l/s) truleg nok for å sikre gyting (kjelde: Hemsedal fiskeforening). Det vil difor vere av omsyn til landskapet at ei minstevannføring bør innførast. Stengselet ved Mølla bør fjernast, men det er truleg ikkje regulanten sitt ansvar.

Sjølv om rapporten til Multiconsult ikkje viser dei store miljømessige gevinstane av minstevassføring, så seier same rapport at auka vassføring vil gje betre vilkår for vinteroverleving for ørreten. Saman med habitatforbetrande tiltak vil dette bidra til auka produksjon og levevilkår for fisken i Dyrsgja og Lauvdøla. Generelt så dannar fisk i alle småhølar sine eigne fiskesamfunn, og fisken har sterk tilhørighet dit (telemetriforsøket i Hemsil viser dette). Dette viser at det er viktig med gode gytemoglegheiter for fisk på alle strekningar, siden fisken er såpass stadbunden.

Innføring av minstevassføring i Dyrsgja og Lauvdøla vil føre til tap av kraftproduksjon, som igjen vil føre til tap av eigedomsskatt og naturressursskatt. I 2011 fekk Hemsedal kommune utbetalt 4 177 972 kr i eigedomsskatt og 2 708 000 kr i naturressursskatt (naturressursskatten går inn i grunnlaget for skatteutjamning mellom kommunane, ikkje fri inntekt). Konesjonsavgifta var på 313 454 kr. Dersom samla minstevassføring er 250 l/s over året vert det samla tapet 300 000 kr årleg. Viss minstevannføring på 200 l/s vert innført i Lauvdøla vil det samla tapet for Hemsedal kommune verte lågare enn 300 000 kr årleg.

Kommunen merker seg at E-CO hevdar at tapt vasskraftsproduksjon må erstattast av annan og ny kraftproduksjon, enten dette er småkraft eller vindkraft. Ny kraftproduksjon representerer ofte ein stor miljøbelastning. Likevel meiner kommunen at det finst alternativ med relativt liten miljøkostnad. Summen av energieffektivisering, satsing på bioenergi/solenergi og fokus på lågare forbruk ikkje er av ubetydeleg konsekvens. Kommunen meiner også at ein må sjå tapet av produksjon for å rette opp miljøtilstand i utbygginga opp mot kva utbygginga bidreg med. Me meiner ein kan få til vesentleg betre miljøtilstand med relativt liten kostnad. Kommunen sine krav til auka minstevassføring er beskjedne. Lokale forhold må også vektleggast, ikkje berre nasjonale.

Krav til manøveringsreglement til Gyrimos-Flævatn.

E-CO meiner dette fell utanom ei revisjon fordi dette vil hindre full nytte av reguleringa. NVE har ikkje kommentert dette i si avgjersle om å opne revisjonssaka.

Kommunen meiner at NVE må ta stilling til korleis manøvreringsreglementet kan påverke livet i magasinet. Historisk har det vore liten tapping frå magasinet om sumaren på grunn av liten slukeevne i Hemsil 2, og stort uregulert sommar tilsig til Hemsil 2. Med bygginga av Hemsil 3 vil dette endre seg, slukeevna aukar, og det opnar for tapping av magasinet om sumaren. Historikken over magasinfylling er derfor ikkje representativ for framtida når det gjeld bruken av magasinet.

Kommunane har kravd at ein ikkje skal køyre meir enn tilsiget i fyllingssesongen, dvs at ein ikkje tappar magasinet ned i fyllingssesongen. Dette er viktig av desse omsyn:

- Erosjon
- Turrlegging av krepsdyr, krepsdyr toler ikkje å bli liggande turre i meir enn 2 år før dei dør.
- Estetikk
- Stamfiske. Det er viktig å ha stabil, helst veksande vasstand i den perioden ein driv stamfiske. (Det bør vurderast pålegg om stabil vasstand i denne perioda 2- 3 veker i oktober).

E-CO sitt syn om at dette ikkje kan gjerast av di det vil hindre full utnytting av magasinet stiller me oss undrande til. Ein vil framleis kunne tappe magasinet ned til LRV og fülle det til HRV. Det er velkjent at ein treng eit vist fribord om hausten for å hindre flaum, men me ser ikkje at vårt krav om ikkje å køyre meir enn tilsiget i fyllingssesongen ikkje skal kunne tilpassast ein slik situasjon.

Noreg har tatt på seg ei storstilt utbygging av ny fornybar kraft (El sertifikat samarbeidet mellom Noreg og Sverige fører til at 26,4 TWh ny fornybar kraft blir bygd innan 2020.) For å kunne forsvare eit slikt stort inngrep i norsk natur må ein kunne vise at ein betrar miljøtilstanden i eksisterande utbyggingar. Det er sentralt at myndigheitene forvaltar vassdraga som eit heile, slik at dei lokale miljøbelastningar blir akseptable totalt sett. At omsynet til utbygging av fornybar kraft blir ivareteke samstundes som ein tek i vare det lokale vassdragsmiljøet, også i tidlegare utbyggingar er avgjerande. Når ein byggjer ut meir uregulert kraft vert det meir etterspurnad etter større regulering frå dei regulerte vassdraga . Då er det svært viktig at ein set grenser for kor mykje det lokale miljøet i dei regulerte vassdraga skal tåle. Me ber om at effektutvidinga i Hemsil 3 og oppdateringa av revisjonsvilkåra blir sett under eit. Me viser her til retningslinjene for revisjon punkt 7:

« En kombinasjon av O/U og revisjon vil gi muligheter for i større grad å avbøte skader og ulemper i vassdraget, samtidig som kraftproduksjonen kan opprettholdes og i noen tilfeller økes. (...) I de tilfeller der en vilkårsrevisjon og et O/U-prosjekt berører same konsesjon eller konsesjoner, skal NVE søke å behandle revisjonskravene saman med konsesjonsbehandlingen av O/U-prosjektet.»

Krav om at standardkrav for naturforvaltning utarbeidet av DN tas inn i konsesjonen

Kommunane sine krav i 2007

Krav om at standardkrav for naturforvaltning utarbeidet av DN tas inn i konsesjonen

E-COs kommentar

E-CO har ikkje omtala dette kravet i sitt revisjonsdokument, men NVE viser til konsjonærens kommentar til dette i kravet i avgjersla om opning av revisjonssaka. «Standardvilkår for naturforvaltning er delvis med i eksisterande konsesjon. Dette gjeld m.a. vilkår som gir fiskemyndigheita heimel til å påleggje tiltak som utsetting av fisk, fiskesperre føre inntak i reguleringsmagasina, og til å påleggje fiskebiologiske undersøkingar. E-CO peiker på at fisk har blitt satt ut i reguleringsmagasina, men utsetting i elva ikkje har vore pålagt. Fiskebiologiske undersøkingar har søkar på eige hand fått gjennomført i 2002 og 2009. Fiskesperre føre inntaket i Gyrinos-Flævatn er vanskelig å få til utan at det oppstår tilstopping og påfølgjande produksjonstap. Det er lite tap av fisk i inntaket»

Kommunens kommentar/krav 2013

Standardvilkåra for naturforvaltning vil i stor grad vil kunne medverke til at fleire av dei negative verknadane med konsesjonen vert redusert, og kommunen vil difor at standardvilkåra vert implementert i konsesjonen. Det er riktig som konsesjonær peiker på at noko allereie er med i eksisterande konsesjon, men ikkje alt.

ØKONOMISKE KRAV

Kommunen meiner at med dei problem som er påvist på grunn av utbygginga, og med den avgrensa vilja som er vist til å rette opp i miljøutfordringane bør det vurderast ein økonomisk kompensasjon til kommunane på linje med det som skjer i nye utbyggingar. Me meiner dette særleg byggjer på dei avgrensa moglegheitene/vilja til å rette på forhold ved:

- Villreinen sine trekkmoglegheiter ved Gyrinos/Flævatn
- Minstevassføring i Lauvdøla (og Dyrinja)

E-CO energi skriv på side 10 i revisjonsdokumentet at økonomiske vilkår normalt fell utanfor konsesjonen, slik det også er omtala i NVE sitt brev av 18. oktober 2011, der revisjonen blir beslutta opna.

I forarbeida til Ot. Prp. Nr. 50(1991-1992) på side 47, kan : « samtligje vilkår som er oppstilt (..) undergis en ny vurdering på bakgrunn av de erfaringer man har gjort seg i perioden. (..) revisjonen kan omfatte vilkår av høyst forskjellig karakter. Etter departementets oppfatning har det derfor lite for seg å forsøke og angi konkret hvilke forhold som gjør en endring påkrevet eller ønskelig (ny lovgivning, endringer i samfunnsoppfatning, interessekonflikter, nye skader eller ulemper, økologiske, hydrologiske eller økonomiske forhold, etc. » (våre understrekingar).

Det er med andre ord opna for å ta inn økonomiske vilkår i revisjonsprosessen. Slik me les brevet frå NVE av 18. oktober 2011 har NVE berre peika på at økonomiske forhold « *til no har vore utanfor det som kan takast opp* ». Dette er ikkje det same som at økonomiske vilkår fell utanfor revisjonen.

Samla konklusjon

Hemsedal meiner E-CO sitt revisjonsdokument stort sett gjev eit fornuftig bilde av konsekvensane av reguleringa og kva NVE vidare må fokusere på i revisjonsprosessen. Kommunen meiner det er positivt at E-CO framskaffar ny og relevant informasjon for å

begrunne sine synspunkt, og det er positivt at dei vil jobbe vidare med biotopforbetrande tiltak i vassdraget. Likevel meiner kommunen også at E-CO ikkje i tilstrekkeleg grad verdsetter den betydinga minstevassføring har for den grunnleggande fiskeproduksjonen i Hemsilvassdraget og for fiskeinteressene. Ei minstevassføring i Lauvdøla vil etter administrasjonen (og fiskeforeninga) sitt synspunkt vere av slik positiv karakter at det oppveger tap av kraftinntekter. I tillegg bør regulanten iverksetje tiltak som fremjer trekkmoglegheitene for villreinen. Dersom slike tiltak ikkje let seg gjennomføre av tekniske eller økonomiske grunnar bør berørte kommunar kompenseras tilsvarande det som skjer ved moderne utbyggingar.

Rådmannen si innstilling:

Hemsedal kommune vil på bakgrunn av revisjonsdokumentet krevje at regulanten:

- Innfører minstevassføring på 200 l/s i elva Lauvdøla
- Legg ned sauegjerdet nedstrøms Flævatn utanom beitesesongen
- Utfører kulturminneundersøkingar i Flævatn når det vert aktuelt med vedlikehaldsarbeid/opprustning av damkonstruksjonen
- Følgjer opp avgjerdene som er satt i vassdragskonsesjon av 14.06.12 til Brekkefoss kraftverk
- Gjer ei meir konkret kostnadsberekning av tiltak som kan hindre utvandring av fisk frå Flævatn
- Innfører eit nytt reguleringsreglement for Flævatn/Gyrinosvatn der ein ikkje tillet å køyre ut meir enn tilsiget i fyllingssesongen.
- Gjev økonomisk kompensasjon til kommunane med næringsfond tilsvarande det ein har i moderne utbyggingar.
- vert pålagt standardkrav for naturforvaltning

Sveinung Halbjørshus
Rådmann

Ola K Frogner
Teknisk sjef



Konsesjonskraft He3
mai 2013 til kommune



Høyring av
revisjonsdokument fo



Revisjonsdokument
Heimsilreguleringen.p



Avgjerse om
revisjon.pdf



Kravsdocumentet til
revisjon av Hemsilvas

Formannskapet har behandlet saken i møte 28.05.2013 sak 38/13

Behandling

Odd Holde (H) fremma forslag om å stryke strekpunkt 1 og 2- (Innfører minstevassføring på 200 l/s i elva Lauvdøla og legg ned sauegjerdet nedstrøms Flævatn utanom beitesesongen)

Innstilling utan strekpunkt 1 og 2 vert vedteken.

Votering

Samrøystes

Vedtak

Hemsedal kommune vil på bakgrunn av revisjonsdokumentet krevje at regulanten:

- Utfører kulturminneundersøkingar i Flævatn når det vert aktuelt med vedlikehaldsarbeid/opprustning av damkonstruksjonen
- Følgjer opp avgjerdene som er satt i vassdragskonsesjon av 14.06.12 til Brekkefoss kraftverk
- Gjer ei meir konkret kostnadsberekning av tiltak som kan hindre utvandring av fisk frå Flævatn
- Innfører eit nytt reguleringsreglement for Flævatn/Gyrinosvatn der ein ikkje tillet å køyre ut meir enn tilsiget i fyllingssesongen.
- Gjev økonomisk kompensasjon til kommunane med næringsfond tilsvarande det ein har i moderne utbyggingar.
- vert pålagt standardkrav for naturforvaltning

Kommunestyret har behandlet saken i møte 06.06.2013 sak 34/13

Behandling i Kommunestyret 06.06.2013

Forslag frå Elin Tangen (Sv):

«Hemsedal kommune vil på bakgrunn av revisjonsdokumentet krevje at regulanten:

- Innføre minstevannsføring i Laudøla og Dyrja på 150 l/sek sommerstid og 50 l/sek vinterstid. I tillegg må konsesjonæren planlegge å utføre biotopjusterende tiltak for å forbedre de biologiske forutsetningene.
- Legge ned sauegjerdet nedstrøms Flævatn utenom beitesesongen.
- Utfører kulturminneundersøkingar i Flævatn når det vert aktuelt med vedlikehaldsarbeid/opprustning av damkonstruksjonen
- Følgjer opp avgjerdene som er satt i vassdragskonsesjon av 14.06.12 til Brekkefoss kraftverk

- Gjer ei meir konkret kostnadsberekning av tiltak som kan hindre utvandring av fisk frå Flævatn -Innfører eit nytt reguleringsreglement for Flævatn/Gyrinosvatn der ein ikkje tillet å køyre ut meir enn tilsiget i fyllingssesongen.
- Gjev økonomisk kompensasjon til kommunane med næringsfond tilsvarande det ein har i moderne utbyggingar.
- Vert pålagt standardkrav for naturforvaltning»

Votering

Framlegg frå Elin Tangen (Sv) vart satt opp mot innstillinga frå Formannskapet. Innstillinga frå Formannskapet vart vedtatt med 11 mot 5 stemmer (2 x FrP, 2 x KrF og 1 x Sv).

Vedtak

- Utfører kulturminneundersøkingar i Flævatn når det vert aktuelt med vedlikehaldsarbeid/opprustning av damkonstruksjonen
- Følgjer opp avgjerdene som er satt i vassdragskonsesjon av 14.06.12 til Brekkefoss kraftverk
- Gjer ei meir konkret kostnadsberekning av tiltak som kan hindre utvandring av fisk frå Flævatn
- Innfører eit nytt reguleringsreglement for Flævatn/Gyrinosvatn der ein ikkje tillet å køyre ut meir enn tilsiget i fyllingssesongen.
- Gjev økonomisk kompensasjon til kommunane med næringsfond tilsvarande det ein har i moderne utbyggingar.
- vert pålagt standardkrav for naturforvaltning

RETT UTSKRIFT

DATO 7.juni.2013